
Fra: Tale Halsør <Tale.Halsor@hfk.no>
Sendt: mandag 27. august 2018 14.58
Til: Tale Halsør
Kopi: Sølve Dag Sondbø; Lene Omdahl
Emne: Klimaomstilling i kommunane - søkbare midlar

Hordaland fylkeskommune har i 2018 sett av midlar til klimaomstilling i kommunane. Det er framleis midlar att på årets pott og vi oppmodar kommunar og kommunale einingar om å søkje. Utlysinga vil vere open så lenge det er midlar att, så her vil førstemann til mølla-prinsippet gjelde. Meir infomasjon og søknadsskjema finn de på Regionalforvaltning.no:

https://regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=1369&Cookie=0

Kommunen kan søkje inntil 200 000 kr til:

- Tiltak som direkte eller indirekte reduserer klimagassutslepp, som miljøsertifisering, sykkelparkering, lading til elektriske tenestebilar, plan for hydrogenfyllestasjon og –bilflåte, klimafestival i kommunen, utfasing av gasskjelar til oppvarming, plan for fossilfrie anleggsplassar og mykje meir.
- Tiltak som direkte eller indirekte reduserer risiko for naturfare som følgjer av klimaendringar, som kompetansehevingstiltak i landbruket, utgreiingar for meir heilskapleg skogforvaltning eller andre typar utgreiingar, kompetansetiltak eller mindre fysiske tiltak.

Det er også høve til å søkje om inntil 20 000 kr til kompetanseheving i kommunen innanfor klimafeltet, det vere seg kurs, utgreiingar eller konferansedeltaking. I den samanheng vil vi minne om den nasjonale klimatilpassingskonferansen på Lillestrøm 29. november:

<https://egencia.qondor.com/ParticipantWeb/Registration/71026>

Venleg helsing

Tale Halsør

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Klima- og naturressursseksjonen



Tlf: 922 066 75

www.hordaland.no |